

Orientering til foreldre/føresatte

Ei veke på leirskule er ei nyttig erfaring for både foreldre og barn. For nokon er det aller første gong ein er vekke frå mor eller far. Vi gjer alt for å tilby eit engasjerande opphald som er trygt og godt for både elevar og føresatte. Ei leirskuleveke gir verdifulle erfaringar for resten av livet, både med tanke på samhandling, sosiale utfordringar og friluftsliv.

Under følger nokre punkt som kan vere til hjelp i planlegginga.

- **UWC Leirskule** ligg i trygge og skjerma omgivnader. Vi er mykje ute, både i fritida og i undervisninga. Godt utetøy og tursko er difor viktigare enn fint innetøy.
- Vi har innandørs bading i leirskuleprogrammet. Alt føregår under tilsyn av vaksne. Dei som ønsker at deira born skal bade, må avklare dette med kontaktlærer på førehand.
- **Medisin/diett** må meldast til kontaktlærer. Alt som har med mat å gjere må leirskulen få melding om før ankomst.
- **Lommepengar** bør om mulig vere likt for alle. Kiosken er open tysdag og onsdag med sal av brus, sjokolade, chips m.m. Vi anbefaler at elevane har med seg kr 150,- men dette er kun meint som utgangspunkt for dykk. Det er også mulig å kjøpe leirskule t-skjorte og denne kostar kr 200,- Elevane kan ha med ekstra pengar til dette.
- **Telefon:** vi ønsker at ungane ikkje skal ha med seg mobiletelefon på leirskulen for å gi barna fri for sosiale media og god muligheit til å vere tilstades i augneblinken. Vi ber medfølgjande lærar om å gjere sitt telefonnummer tilgjengeleg for føresatte om det er behov for kontakt i leirskuleperioden. Elevane kan også låne telefon for å ringe heim ved spesielle behov.

Under har vi samla nokon gode tips for korleis dykk kan bidra til å forberede borna best mulig til leirskuleopphaldet.

Før leirskuleopphaldet

- Snakk med barnet. Nokre barn har vore borte frå heimen mange ganger før, medna andre aldri har sove vekke frå mamma før. Snakk om forventningar, om å ta ansvar for seg sjølv og tinga sine.
- Pakk i lag med barnet. Ikkje pakk for barnet, men pakk med det. Det er viktig at elevane veit kva dei har med seg. Sjå utstyrlisat på heimesida.
- Snakk med barnet og læraren, evt. også oss på leirskulen, om barnet har utfordringar som det må leggjast til rette for.

Under leirskuleopphaldet

- Om barnet har behov for å prate med deg får dei sjølv sagt lov til det. Nokre foreldre uroar seg for barnet sitt fordi dei ikkje høyrer noko heile veka. Som oftast er det fordi barnet har det fint og ikkje har tid til å tenkje på hverken mamma eller pappa.
- Om du har behov for å komme i kontakt med barnet ditt kan du ringje kontaktlærar eller oss på leirskulen (sjå kontaktinfo på heimesida). Vi gir vi beskjed til barnet og får det til å ringje deg opp att.

Etter leirskuleopphaldet

- Snakk om opphaldet.
- La barnet kvile litt ekstra. Det er hardt å vere på leirskule! Mykje aktivitet, intens sosialisering og ikkje alltid nok søvn gjer at elevane ofte har behov for ei rolig helg etter leirskuleopphaldet.
- Sjekk om eleven har fått alt med heim. Vi oppbevarar alt av verdi inntil ein månad før det blir levert til politiet. Ta kontakt med oss so snart som råd dersom noko manglar.

Vi ser fram til å ei kjekk veke saman med borna!

Venleg helsing

Leonora L. Kleiven

Dagleg leiar

og

Joakim Janninge

Leirskuleansvarleg ved UWC Leirskule